Fyresdal kommune

Møteprotokoll

Utval: **Administrasjonsutvalet**
Møtestad: Hamaren, Fyresdal næringshage
Dato: 14.06.2017
Tid: 14:00 - 16:30

Fylgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Gisle Noraberg	Leiar	AP
Martha Schrøder Momrak	Nestleder	AP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Rita Tuften Metveit	Medlem	FAG

Fylgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Mette Hjort-Jensen Momrak	Medlem	FAG

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer

Fylgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	Rådmann
Eva Greivstad	Personalkonsulent

Saker til handsaming:(sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
3/17 - 5/17

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

_____
Olav Gisle Noraberg
utvalsleiar

Eva Greivstad
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland
rådmann

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka møte(X)
PS 3/17	Referat og meldingar	
RS 27/17	Rundskriv frå KS	
RS 28/17	Sjukefråværsrapport	
RS 29/17	Protokoll frå Amu	
RS 30/17	Tilsetjingssak - ID 437 - Utlysing av ledige undervisningsstillingar frå 01.08.2017, fast og vikariat, søknadsfrist 12.02.2017	X
RS 31/17	Tilsetjingssak - ID 438 - Utlysing assistentar/fagarbeidar,fast/vikar/mellombels frå 01.08.2017	X
RS 32/17	Tilsettingar i barnehagen våren 2017	X
RS 33/17	Oppseiing av stilling hnr 2130	X
RS 34/17	Svar på permisjon i barnehageåret 2017/2018	X
RS 35/17	AMU sin årsrapport til arbeidstakarorganisasjonane , administrasjonsutvalet og kommunestyret - verne- og mijøarbeidet 2016	
PS 4/17	Årsmelding 2016 Fyresdal kommune	
PS 5/17	Endringar i kommunalsjefnivået - endring i administrativ struktur?	

Fyresdal 9. juni 2017

Olav Gisle Noraberg
utvalsleiar

Fellestenesta
utvalssekretær

PS 3/17 Referat og meldingar

RS 27/17 Rundskriv frå KS

RS 28/17 Sjukefråværsrapport

RS 29/17 Protokoll frå Amu

RS 30/17 Tilsetjingssak - ID 437 - Utlysing av ledige undervisningsstillingar frå 01.08.2017, fast og vikariat, søknadsfrist 12.02.2017

RS 31/17 Tilsetjingssak - ID 438 - Utlysing assistentar/fagarbeidar,fast/vikar/mellombels frå 01.08.2017

RS 32/17 Tilsettingar i barnehagen våren 2017

RS 33/17 Oppseiing av stilling hnr 2130

RS 34/17 Svar på permisjon i barnehageåret 2017/2018

RS 35/17 AMU sin årsrapport til arbeidstakarorganisasjonane , administrasjonsutvalet og kommunestyret - verne- og mijøarbeidet 2016

Handsaming i Administrasjonsutvalet - 14.06.2017

- Rundskriv frå KS
- Sjukefråværsrapport, 6,15% totalt er svært bra, noko høgt på pleie- og omsorg
- AMU protokoll
- Tilsettingar / oppseiing av stilling / permisjon
    - Tilsettingar i skulen – omlag 300% utan heimel for neste skuleår, og overforbruket pr. mai i år er på over kr. 500.000,- kva gjer vi med dette.
    - Tilsettingar barnehagen – tilsettingar i vikariat utan utlysing for å sikre kontinuitet, rekruttere og behalde vikarar.
- AMU sin årsrapport – blei lagt i dropbox i dag ?, medlemane les igjennom i møtet.
- Spørsmål om legesaka, rådmann og personalkonsulenten orienterte.
- Rådmannen tok opp om personalsaker skal opp i kontrollutvalet, har vore fleire tilfelle der kontrollutvalet har hatt slike saker til behandling, burde etter administrasjonen si meining blitt behandla av Admu.
- Kva har blitt gjort med varslingssaka, personalkonsulenten orienterte om vedtaket i AMU.

PS 4/17 Årsmelding 2016 Fyresdal kommune

Innstilling frå rådmannen:

Årsmelding for Fyresdal kommune 2016 blir teken til vitande.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 23.05.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 23.05.2017

Årsmelding for Fyresdal kommune 2016 blir teken til vitande.

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 31.05.2017

Fyljande tema vart diskutert i samband med gjennomgang av årsmelding:

- Journalføring av medarbeidarsamtaler i ephorte
- Motivere tilsette til å bruke eigenmelding framfor sjukemelding ved korte fråvær
- Vurdere elektronisk rapportering av avvikshandtering

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 31.05.2017

Årsmelding for Fyresdal kommune 2016 blir teken til vitande.

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 01.06.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 01.06.2017

Årsmelding for Fyresdal kommune 2016 blir teken til vitande.

Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 06.06.2017

Rådet har fylgjande merknad til årsmeldinga for 2016:
Tal liggedøgn på sjukeheimen POS tyder på for liten kapasitet. Overbelegget på langtidsplassar i år 2015 var 121,99%, seist år 2016 var 104,2%.

Målretta tiltak for å sikre innbyggarar moglegheten til å bu lenge heime, er nemnd, noko som er svært bra.
Men ein saknar målretta arbeid til hjelp med velferdsteknologi i årsmeldinga, noko som er i stadig utvikling og gjev meir sikkerhet for den enkelte brukar.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 06.06.2017

Årsmelding for Fyresdal kommune 2016 blir teken til vitande.

Handsaming i Formannskap - 15.06.2017

Premieavvik bør skiljast ut og ikkje leggast inn i sektorane sine lønsutgifter.
Tabell for økonomisk sosialhjelp bør også innehalde refusjon.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 15.06.2017

Årsmelding for Fyresdal kommune 2016 blir teken til vitande.

Handsaming i Administrasjonsutvalet - 14.06.2017

Gjekk gjennom årsmeldinga side for side.

Side 18: langtidsplassar på Nordstøg skal vere 8 og ikkje 6.

Admu er fornøygde med årsmeldinga, oversiktleg og informativ.

Vedtak i Administrasjonsutvalet - 14.06.2017

Administrasjonsutvalet tek årsmeldinga til vitande.

PS 5/17 Endringar i kommunalsjefnivået - endring i administrativ struktur?

Innstilling frå rådmannen:

Kommunestyret vel alternativ .... som sin framtidige administrasjonsmodell.
Det setjast ned ei administrativ gruppe leia av fire representantar frå arbeidsgjevar og tre representantar frå tillitsvalde og vernetenesta med rådmannen som leiar.
Arbeidsgruppa må halde seg innan dei stillingsheimlane ein har i dag og forslag til løysing leggast fram for kommunestyret i løpet av oktober 2017.

Handsaming i Administrasjonsutvalet - 14.06.2017

Til kommunestyremøtet i morgo ynskjer politikerane eit organisasjonskart som syner tal tilsette / heimlar i dei ulike avdelingane.

Framlegg frå Olav Gisle Noraberg, Arbeiderpartiet:
" Fyresdal Ap ynskjer at det blir konstituera ein kommunalsjef for Helse og Omsog sektoren snarast. Stillinga lysast ut internt med ei vekes frist. Det politiske forhandlingsutvalet med tillegg av rådmann og tillitsvald er tilsettingsorgan. (jmf. Politisk delegeringsreglement pkt. 7)
Om det ikkje er kvalifiserte søkjarar til stillinga, ynskjer vi å leige inn ein leiar frå eit bemanningsbyrå så raskt som mogeleg. Administrasjonen gjer dette.
Stillinga som kommunalsjef lysast ut så raskt som mogleg for permanent tilsetting.
Tilsettingsutvalet kan bruke eit rekrutteringsbyrå dersom dei finn det teneleg, forenkla anbod med 3 aktørar blir sett i verk straks, dersom ein vel å bruke rekrutteringsbyrå.

Det blir ikkje endringar i noverande organisasjonsmodell med kommunalsjefar, men for enkelte sektorar kan det på eit seinare tidspunkt vere teneleg å slå på ein annen organisering ".

Framlegg frå Rita T. Metveit, Fagforbundet:

" Om ein vel å halde fram med noverande organisering, rår vi sterkt til at ein ser til at kommunalsjefar ikkje har avdelingsleiaransvar i tillegg for einskilde avdelingar. Dette svekkar dei avdelingane som ikkje har avdelingsleiar og det svekkar integriteten til kommunalsjefen på både avdelinga og sektoren. Fagforbundet ber difor kommunestyret om å vurdere avdelingsleiarsituasjonen på helse, pleie- og omsorg ".

Begge framlegga vart samrøystes vedtekne

Vedtak i Administrasjonsutvalet - 14.06.2017

Administrasjonsutvalet ynskjer at det blir konstituera ein kommunalsjef for Helse og Omsorg sektoren snarast. Stillinga lysast ut internt med ei vekes frist. Det politiske forhandlingsutvalet med tillegg av rådmann og tillitsvald er tilsettingsorgan. (jmf. Politisk delegeringsreglement pkt. 7)
Om det ikkje er kvalifiserte søkjarar til stillinga, ynskjer vi å leige inn ein leiar frå eit bemanningsbyrå så raskt som mogeleg. Administrasjonen gjer dette.
Stillinga som kommunalsjef lysast ut så raskt som mogleg for permanent tilsetting.
Tilsettingsutvalet kan bruke eit rekrutteringsbyrå dersom dei finn det teneleg, forenkla anbod med 3 aktørar blir sett i verk straks, dersom ein vel å bruke rekrutteringsbyrå.

Det blir ikkje endringar i noverande organisasjonsmodell med kommunalsjefar, men for enkelte sektorar kan det på eit seinare tidspunkt vere teneleg å slå på ein annen organisering ".

Administrasjonsutvalet rår sterkt til at ein ser til at kommunalsjefar ikkje har avdelingsleiaransvar i tillegg for einskilde avdelingar. Dette svekkar dei avdelingane som ikkje har avdelingsleiar og det svekkar integriteten til kommunalsjefen på både avdelinga og sektoren. Administrasjonsutvalet ber difor kommunestyret om å vurdere avdelingsleiarsituasjonen på helse, pleie- og omsorg".